

Årets trimfest.

27.09.2016



Mange uskedelingar deltek i Kvinnheradsløpet. Her fam. Haugland/Eikeland i fjar.

Søndag er det klart for det 35. Kvinnheradløpet. Over 5000 personar har til no delteke i Kvinnheradløpet, som har vore ein tradisjon sidan 1982. Første gong løpet vart arrangert deltok det 196 personar. Sidan den gong har løpet kvart einaste år vore skipa til første søndagen i oktober.



Anders og Møyfrid Kristoffersen med etterkommarar hadde ein flott tur i fjor.

For tre år sidan var løypeprofilen endra og for fjerde gang er det no ein 5,7 kilometer lang tur. Start og mål er som før ved idrettsbanen i Rosendal, men ein går ikkje opp Svartedalen og til Skeie, men løypa går i fint terregn i Rosendalsområdet.

I konkurranseklassen var det ein tøff duell i herreklassen der Terje Aggvinn vann sekundet føre Erlend Nymark Jensen. I kvinneklassen gjekk Hildegunn Håland til topps. Totalt 38 deltakarar var med i konkurranseklassen. Arrangøren set stor pris på dei spring og håpet er at fleire tek på seg startnummer enn i fjor.

Samtidig er det slik at fokuset i Kvinnheradløpet har vore sett på dei gåande, dei som nyt turen utan tidtaking og som gjerne stoppar opp i løypa for å prata med kjende og ukjende, seier Morten Nygård i arrangørkomiteen.

Kvinnheradløpet høver for alle uansett form og alder, og det er ingen problem med å ta seg fram med barnevogn. Deltakarane får gratis drikke når dei kjem i mål.

I og med at det i år er eit lite jubileum blir det trekt ut heile 35 gavekort på 500 kroner mellom dei som kjem seg til mål.

Rosendal Turnlag og Kvinnheringen er arrangørar av Kvinnheradløpet



Starten i konkurranseklassen i fjor.

Tekst: Tomas Bruvik, Kvinnheringen

Foto og nett: Thor Inge Døssland